

Vedlikeholdskontroll skogsvegar 2010




Skeieslia skogsveg i Ulvik. Her har veglaget gode rutinar med årleg vedlikehald. Resultatet er at 15 år etter nybygging er vegen i like god stand som då den var ny.

Sommaren 2010 gjennomført fylkesmannen vedlikeholdskontroll av skogsvegar i 6 kommunar i Hordaland. Det var i kommunane: Voss, Granvin, Ulvik, Ullensvang, Kvinnherad og Lindås desse kontrollane vart gjennomført. Ca 30 km, i hovudsak skogsbilvegar vart kontrollert, dette var vegar som vart ferdiggodkjent i 1995 og 1996, berre vegar som hadde motteke statstilskot vart kontrollert. Veglaga som tek i mot statstilskot til bygging av skogsvegar får også eit vilkår/pålegg om at vegane skal haldast vedlike i den standard dei er bygde i. Det er på denne bakgrunn at fylkesmannen no gjer ein systematisk vedlikeholdskontroll av tidlegare bygde vegar.

Alle veglaga som det vart gjennomført vedlikeholdskontroll hos var utan unntak sær positive til å få besøk frå fylkesmannen for å få kontrollert vedlikehaldet av skogsvegane sine.

For at skogsvegen skal ha den funksjon som var tiltenkt då vegen var nybygd, er det avgjerande at vegen vert jamleg vedlikehalden. Punkt som fylkesmannen la vekt på under vedlikeholdskontrollen var:

- At veggrøfter er reinska slik at vatnet renn der det skal
- At alle stikkrenner er opne, at røyrene er heile og funksjonelle
- At det er funksjonelle kummar framfor alle stikkrenner
- At vegkroppen har den form den skal ha, slik som kuv eller dosering, dette er sær viktig for at vatnet skal renna av vegen. At slitelaget på vegen er i orden
- At skog og kratt er rydda i god breidde langs vegen
- At snuplassar, velteplassar og møteplassar er ryddige og funksjonelle
- Kontrollera eventuelle bruer og ferister



På mange av vegane var vedlikehaldet svært bra, det viste seg at på dei vegane det var gjennomført eit jamleg vedlikehald var og vegen i god stand. Det beste eksempelet på dette var Skeieslia skogsveg i Ulvik, her hadde veglaget avtale om årleg vedlikehald av vegen der alle eigarane var med og gjorde ein innsats for å halda vegen i stand. Resultatet av dette var ein veg i like god stand som om den skulle vore nybygd.

Den største feilen på mange av vegane var at vegkantane ikkje var høvla ned, høge vegkantane fører til at vatnet renn langs vegen slik at grusen vert vaska vekk. Ein annan gjennomgåande mangel var at det vaks opp skog og kratt langs vegen slik at det var vanskeleg å koma fram med tømmerbilen utan å gjera skade på bilen. Skog og kratt tett inn på vegen fører og til at det vert vanskeleg å høvla vegkantane. Eit anna problem var at det på fleire av vegane stykkevis var sett opp gjerde tett inn til vegen, dette gjorde til at det vart heilt umogeleg å rydda kratt og gras frå vegkantane. Det gjorde det og vanskeleg å brøyta snø om vinteren. Desse gjerdeeggarane fekk pålegg om å flytta gjerdet 3 – 4 meter ut forbi vegen.

Stikkrennekummar som var fulle av grus og jord var eit anna gjennomgåande problem. I dei aller fleste tilfelle er dette ei enkel sak å få reinska opp i. Under kontrollen vart det og påvist at stikkrenner var tette, enten på grunn av

at dei var fulle av kvist og pas, eller var knuste på grunn av setningar i vegen. Veglaget var i desse tilfella svært glade for at dette vart oppdaga slik at manglane kunne rettast opp før det gjorde stor skade på vegen. Det vart og i nokre tilfelle gjeve pålegg om reinsking av veggrofter.

Konklusjonen etter vedlikehaldskontrollen er at det vert utført mykje bra vedlikehald, men og at det i mange tilfelle trengs eit betre vedlikehald. Gode rutinar og avtaler i veglaget om årleg vedlikehald vil gje eit godt og rimeleg resultat. På fleire av vegane kunne ein enkel vegslådd vore ein grei måte å halda ein god form på vegen og vegkantane fri for attgroing. Det vart under kontrollen anbefalt at kanskje det var fornuftig at fleire veglag gjekk saman om innkjøp av ein slådd.

Vintervedlikehald. Dei som brøytar vegane vinterstid må vera særst nøye med å laga avløp for vatnet ved å skjera gjennom brøytekantane på dei rette stadane, slik at ikkje vatnet renn etter vegen.

Vedlikehaldskontroll av skogsvegar vil halda fram også sommaren 2011.

Tekst - Ottar Haugen
Foto - Kjetil Andre Rødland



Det er viktig at stikkrennekummar vert reinska!



Eksempel på høge vegkantar. Her vil vatnet renna etter vegen og ikkje i veggrofta....




...og resultatet kan verta som her. Dette er kostbart å retta opp.



Gjerde tett inntil vegen gjer at det vert vanskeleg å fjerna vegetasjon frå vegkanten. Brøyting av snø vert og vanskeleg.

Denne vegen er ikkje framkomeleg med tømmerbil i dag. Her har veglaget ein jobb å gjera for å fjerna skogen som veks inn i vegen. Det gjer det og umogeleg å utføra eit maskinelt vedlikehald av vegen.



Vegslådd. Døme på ein enkel måte å halda god form på vegen. Årleg bruk av denne slådden vil letta vedlikehaldet av vegen.
Foto: Oddbjørn Helland